



Arkivsak 200204583  
Arkivnr. 812  
Saksh. Grude, Nils Egil

<b>Saksgang</b>	<b>Møtedato</b>
Komite for miljø og samferdsel	19.09.02
Fylkesutvalet	25.09.02
Fylkestinget	15.10.02

## **SØKNAD FRÅ OS KOMMUNE OM LØYVE TIL FORSKOTTERING TIL UTBETRING AV FV 158 MELLOM THUEN OG BEDEHUSET**

### **SAMANDRAG**

Os kommune søker om løyve til å forskottere 4,5 mill. kr. til opprusting av strekninga frå Bedehuset til kryss til Særvold på Fv 158 (Lepsøyvegen). Utbetringa av fylkesvegen vert utført samstundes som Os kommune legg ned ny hovedvassleiding på same strekninga. For å fullfinansiere vegopprustinga vert det løyvd 3,5 mill. kr. over sekkepostane til fylkesvegbudsjettet.

Fylkesrådmannen ser positivt på at ein kan få til slike fellesprosjekt som det her vert lagt opp til. Eg rår difor fylkestinget til å gje Os kommune løyve til å forskottere 4,5 mill. kr., og å nytte 3,5 mill. kr. frå sekkepostane på fylkesvegbudsjettet til oppgraderinga av denne delen av Fv 158.

### **FORSLAG TIL INNSTILLING**

Fylkestinget gjev løyve til at Os kommune får forskottere inntil 4,5 mill. kr. til opprusting av strekninga Bedehuset-kryss til Særvold på Fv 158, og at det til same prosjektet vert løyvd 3,5 mill. kr. frå sekkepostane på fylkesvegbudsjettet.

Refusjonstidspunktet for forskotteringa vert fastsett i samband med revisjon av fylkesvegplanen 2006-2015.

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Vedlegg: Brev frå Os kommune av 08.04.02 til Statens vegvesen Hordaland  
Brev frå Statens vegvesen Hordaland av 12.07.02 til fylkesrådmannen  
Kart over Fv 158 (Lepsøyvegen) i Os kommune  
Oversikt over godkjente forskottingar pr. 13.06.02

## **FYLKESRÅDMANNEN, 26. august 2002:**

Os kommune har søkt om løyve til å forskottere opptil 4,5 mill kr. til opprusting av strekninga Thuen til kryss ved Bedehuset på Fv 158. Os kommune opplyser at om midlane strekk til ønskjer ein å føre opprustinga vidare fram mot kryss med E 39. M.a. er det her lagt opp til opparbeiding av ny busshaldeplass (sjå kopi av brev og kartvedlegg). Vegsjefen i Hordaland har i brev av 12. juni tilrådd at fylkeskommunen godkjenner søknaden, og at refusjonstidspunktet vert fastsett i samband med revisjon av fylkesvegplanen for 2006-2015 (sjå vedlegg).

I brevet frå Os kommune vert det vist til at Fv 158 mellom kryss med E 39 ( Bedehuset/Trolldalen) og kryss på Grindavoll er dårleg og har låg standard. Tidlegare har delstrekninga frå kryss på Grindavoll til kryss til Særvold på Thuen blitt utbetra i samband med framføring av kommunal vassleidning. Arbeidet den gongen vart gjort i samarbeid med vegkontoret.

Os kommune skal no føre hovedvassleidninga vidare, og i samarbeid med Statens vegvesen Hordaland er ein kome fram til at det vil vere både rasjonelt og billegast å samarbeide om utbetring av Fv 158 samstundes som hovudvassleidninga vert vidareført. Utbetringa som det vert lagt opp til vil omfatte opprusting av eksisterande veg og bygging av fortau.

Totalkostnaden for vegopprustinga vert om lag 8 mill. kr. og vert føreslått finansiert ved løyving over sekkepostane til fylkesvegbudsjettet på 3,5 mill. kr. og forskottering på inntil 4,5 mill. kr. frå Os kommune.

### **Fylkesrådmannen sine merknader**

Fylkesrådmannen ser positivt på at ein kan få til slike fellesprosjekt som det her er tale om. Eg tilrår difor fylkestinget å gje Os kommune løyve til å forskottere 4,5 mill. kr. til utbetring av Fv 158, og å løyve 3,5 mill. kr. til dette prosjektet over sekkepostane på fylkesvegbudsjettet. Dei 3,5 mill. kr. vil vere disponible i 2002.

Når det gjeld refusjonstidspunktet legg eg til grunn at dette vert fastsett i samband med revisjon av fylkesvegplanen for perioden 2006-2015. Vedlagt følgjer ein oversikt over godkjende forskotteringar pr. 13. juni i år og vedtak om tidspunkt for refusjon.